

05.01.2017

Oppstart av barnekor.



Uskedelingar deltok på konserten med Bjarte Leithaug i Rosendal i oktober. No får vi eige barnekor.

Mandag førstkommande vert det oppstart av eit nytt barnekor i Uskedalen. Det er for born i alderen 5-12 år og har fått namnet Tårnagent-koret. Dette er eit søndagskuletilbod, og det vert ein erstatning for Gullivergjengen/Tårnagentane. Koret vil ha øving annankvar mandag mellom kl.17.30 og 18.15 i Uskedal bedehus, og Eva Megyesi vert musikalsk leiar.

Det har vore mykje song i barneaktivitetane i bedehuset, og det har jamnleg kome fram ønskje om eit barnekor. Førstkommande mandag startar det altså opp. Dette vert eit godt supplement til andre gode barnetilbod som vi har i bygda. Det vert øving annankvar mandag fram til påske, og øvingsdagane denne våren vert: 9/1, 23/1, 6/2, 20/2, 6/3, 20/3 og 3/4.

Eva Megyesi vert musikalsk leiar, og ho har delteke i planlegginga for våren saman med søndagskuleleiarar. Dei vart fort enige om 4 kjekke songar som dei skal starta på på den første øvinga. Dei tenkjer m.a. på å lære kormedlemmene ein flott song som heiter Påskesong. Dei treng også forsongrar/solosongarar, og dersom det er nokon over 12 år som likar å synge, så må dei berre koma på øvinga.

Dei tenkjer også på å bruke rytmeinstrument for å inspirere til glad song med og utan bevegelsar.

Leiarane ser ikkje for seg masse konserter, men det er bestemt at koret skal syngje under gudstenesta søndag 12.mars kl.11 i samband med Tårnagenthelga då. På sikt ser dei for seg eit samarbeid med Tårnagentopplegget i kyrkja, og kanskje syngje under gudstenesta på julafantan. På samlingar på bedehuset vil det også vera aktuelt å oppstre.



Tårnagent-koret startar på mandag.

Med Tårnagent-koret får vi eit godt songtilbod til borna i bygda. Det er mange born som likar å syngje. Vi håper mange møter opp førstkommande mandag kl.17.30 i Uskedal bedehus.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Arkivfoto: Nelly Kjærland